

SAKSUTGREIING

Aurland fjellstyre

Møtedato: 1.12.21

Stad: Steinbergdalshytta

Sak 41/20. Søknad om jaktkort til Sogn og Fjordane NJFF sitt kurs i rypejakt for jenter,
Steinbergdalshytta oktober 2021

Saksopplysing/vurdering:

Kvinneutvalet i Sogn og Fjordane NJFF v/Heidi Ryum Marsh har sendt søknad til fjellstyret om å få tildelt ein kvote på 10 todagars jaktkort for småvilt i statsallmenningen i samband med ei samling med rypejakt for jenter som er planlagt 2.-4. oktober neste år, med Steinbergdalshytta som utgangspunkt. I søknaden er det og nemnt at det er ynskjeleg med nokon frå fjellstyret (fjelloppsynet) som kjentmann, då ingen av arrangørane har jakta i området tidlegare. Kopi av e-posten ligg ved.

Fjellstyret har innført ein praksis med avgrensa kortsal for småviltjakt. Dette gjer at det ikkje er sjølvsagt at dei som melder seg på samlinga får tak i jaktkort, sjølv om det vert selt kort gjennom Inatur. Det har synt seg at korta som vert lagde ut på Inatur vert selde i løpet av nokre timer. Nokre jaktkort vert sette av for sal gjennom Steinbergdalshytta – i år var dette 5 dagskort, 5 todagars- og 5 tredagarskort. Desse vil verta selde frå jaktstart (25 september?), og kan vera utselde før den aktuelle samlinga. Eg trur difor at det bør setjast av ein

Eg meiner dette er eit tiltak som er heilt i tråd med det som fjellstyret har drøfta i samband med den nyleg vedtekne forvaltingsplanen for statsallmenningen, der rekruttering til jakt og fiske har vore tema. 10 jaktkort til utanbygds kursdeltakarar vil neppe utgjera noko stort trugsmål mot småviltbestanden i området. Eventuelle innanbygdsbuande deltagarar vil kunna kjøpa jaktkort utanom denne kvoten (og til redusert pris). Eg meiner og at fjellstyret kan støtta tiltaket ved å tilby ein frå fjelloppsynet som kjentmann desse to dagane, utan noko kostnad for kursarrangøren. Dette ligg godt innanfor den informasjons- og rettleiingsdelen som ligg i fjellstyret og fjelloppsynet sitt arbeid.

Framlegg til vedtak:

Fjellstyret set av ein kvote på 10 todagars jaktkort for småvilt som kan kjøpast av dei som melder seg på kvinneutvalet i Sogn og Fjordane NJFF si planlagde samling med rypejakt for jenter på Steinbergdalshytta 2-4. oktober 2021. Fjellstyret kan og stilla med kjentmann frå fjelloppsynet i to dagar, utan noko vederlag.

Fjellstyrekontoret, den 24.11.20

Harald Skjerdal



Aurland Fjellstyre

Fra: Heidi Ryum Marsh <hei-ryu@online.no>
Sendt: søndag 22. november 2020 14:05
Til: Aurland Fjellstyre
Emne: 2 dagars jaktkort for rypejakt 2021

Hei!

Kvinneutvalet i Sogn og Fjordane NJFF skal arrangera rypejakt for jenter 2-4 oktober 2021.

Opplegget skal vera på Steinbergdalshytta.

I samband med dette ynsjer me å søka om 10 stk 2 dagars jaktkort på statsalmenningen.

Har vore i kontakt med Harald Skjerdal om dette tidlegare, og vart anbefalt å søka om jaktkort øyremerka dette opplegget.

Tal deltagarar er sett til 10, påmeldingsfristen er 23 september.

Det er også ynskjeleg om fjellstyret vil vera med oss denne helga som kjentmann, då ingen av oss har jakta i området tidlegare. Me får sponsa opphold på Steinbergdalshytta for inntil 2 instruktørar.

Mvh
Heidi Ryum Marsh
For kvinneutvalet

Sendt fra E-post for Windows 10